

Invitasjon Sunnmøre KorCup 2023

Norges Korforbund Sunnmøre har med dette gleda av å invitere til Sunnmøre KorCup 2023.

Parken Kulturhus Laurdag 4. november 2023 frå kl 10.00.

Vi stiller som tidlegare med 3 meget dyktige dommarar, Marit Tøndel Bodsberg Weyde, Elin Person og hoveddommar vert Erland Dalen. Kora vil i etterkant få tilsendt skriftlige tilbakemeldingar på framføringane sine.

Kora skal opptre med to songar kvar, i to forskjellige sjangere, maks framføringstid er 12 minutt. Dei aktuelle sjangerane er:

- Klassisk kirkemusikk
- Folketone
- Gospel / Negro Spiritual
- Pop / Musical

Premiering til dei tre beste kora samanlagt og til koret med den beste sceneframføringa. Samla gevinstpott vert på 20.000 kroner! Klokkeslett for premieutdelinga vil vere avhengig av talet på påmelde kor – men vi reknar med at det ikkje vert seinare enn kl 1800.

Det vil verte festmiddag på Quality Hotel Ålesund, ved hurtigrutekaia kl 20.00 – og vi har og forhandla fram ein god rompris på same hotell for dei som har behov for overnatting.

Påmeldingsavgift:

Kr 3000,- pr kor, og 300,- pr korsongar.

Vi sender ut påmeldingsskjema med alle prisar etter påske, med påmeldingsfrist 1. juni.

Då ser vi fram til å sjå og høyre akkurat deg og ditt kor på denne festdagen i November!

Med helsing

Musikkutvalet

Norges Korforbund Sunnmøre.